

VEDLEGG SAK 18/14



*cutting through complexity™*

Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato: 16.09.14  
Journalført: 14/2971 og h  
Arkivkode: 216

# Forvaltningsrevisjon

## Sjølvkost

**Etne kommune**

**2014**



# Forord

Etter vedtak i kontrollutvalet i Etne kommune den 10. februar 2014 har KPMG gjennomført ein forvaltningsrevisjon som har omhandla sjølkost på vatn og avløp i kommunen.

## *Oppbygging av rapporten*

Våre konklusjonar går fram av rapporten sin hovudbodskap. Kapittel 1 har ei innleiing til rapporten. Her vert problemstillingar, metode og revisjonskriteria presentert. I kapittel 2 og 3 presenterer vi gebyrnivået i Etne og ser på korleis nivået er i kommunen samanlikna med andre kommunar. I kapittel 4 ser vi på praksis og rutinar i kommunen knytt til sjølvkost, og kapittel 5 inneheld våre vurderingar. Oppsummering og tilrådingar går fram av kapittel 6. Uttale frå rådmannen er lagt til kapittel 7.

Bergen, 15. september 2014



Willy Hauge  
Partner

# Hovudbodskap

I denne forvaltningsrevisionen har KPMG sett nærmere på sjølvkost innanfor vatn og avløp i Etne kommunen.

Vi har mellom anna vurdert om kommunen har etablerte rutinar på området. I rapporten har vi presentert korleis gebyra er utforma og korleis gebyrnivået er i Etne samanlikna med andre kommunar. Vi har også undersøkt om kommunen etterlever bestemmelser i lover, forskrifter og retningslinjer og vi har sett på korleis kommunen har tenkt å møte eit aukande vedlikehalds- og investeringsbehov.

Våre vurderingar baserer seg hovudsakleg på innhenta dokumentasjon samt intervju med utvalde personar i kommunen som har inngående kjennskap til temaet i denne forvaltningsrevisionen.

Under følgjer eit kort samandrag av KPMG sine funn, vurderingar og tilrådingar.

Hovudproblemstillinga i denne forvaltningsrevisionen har vore:

*I kva grad har kommunen etablerte rutinar knytt til utrekning, fakturering og rapportering av sjølvkost på VA-området?*

Med følgjande underproblemstillingar:

■ **Korleis er gebyrregulativa for vatn- og avløpstjenestene utforma?**

Eininga Drift og vedlikehald samarbeidar med økonomikontoret i kommunen når sjølvkostgebyret skal utrekna. Her nyttar kommunen eit eigenutvikla rekneark i tillegg til sentrale retningslinjer og lokale føringar. Dei opererer med eit tilkoplingsgebyr, som vert sendt ut samstundes med igangsettingsløye (byggeløyve) eller når eksisterande bygg bli tilknytt kommunal leidning. I tillegg betalar alle abonnentar eit årsgebyr som består av ein fast del og ein variabel del. Den faste delen (abonnementsgesbyret) er lik for alle, og skal dekke kommunen sine fastkostnadene som er upåverka av produsert mengd. Den variable delen (forbruksgebyret) skal dekkje kostnadene som kommunen har med sjølve vassproduksjonen.

Gebyra i kommunen har auka dei siste åra, det gjeld særleg på vann. Dette skuldast primært behov for å ta igjen for låge gebrysatsar over nokre år. På avløp har gebyra i nokre år vore for høge, og kommunen har sett av ein del midlar på fond. På grunn av dette valte kommunen å redusere gebyret på avløp i 2014 med om lag 30 %.

■ **I kva grad er kommunen sine utrekningar og rapporteringar av sjølvkost innanfor vatn og avløp i tråd med bestemmelser i lover, forskrifter og retningslinjer?**

Kommunen har fleire etablerte rutinar på plass og mykje ser ut til å fungere godt - dette gjeld særleg på fakturering og rapportering. Det er i hovudsak funn knytt til utrekning av gebyr vi har flest kommentarar til i rapporten.

Fram til i år har kommunen lenge nytta eit rekneark til fastsetjinga av gebyrstørleikar. Dette verktøyet har hatt nokre avgrensingar. Kommunen har mellom anna ikkje hatt moglegheit til å lage eit overslag over kommunen sine antatte direkte og indirekte kostnader knytt til drifts-, vedlikehalds- og kapitalkostnader på vatn- og avløpssektoren for dei nærmaste tre til fem åra, slik som kravet er.

Kommunen har gått til innkjøp av to nye program. Det eine er eit eigedomsregister (KomTek-modul) som vert vurdert som eit stort framsteg for kommunen. Registeret skal kunne gi eit langt betre grunnlag for identifisering av abonnentar.

Det andre programmet er eit rekneark som vil gi kommunen eit betre grunnlag for utrekning av reelt gebyrbehov. Reknearket gir og betre moglegheiter til å lage prognosar for kostnader på området for fleire år framover, men det er så langt ikkje tatt stilling til korleis ein skal nytte seg av reknearket i tida framover.

Det kan mellom anna tenkast at sjølvkostfondet på avløp hadde utvikla seg annleis dersom kommunen hadde hatt moglegheita til å lage eit overslag over kommunen sine antatte kostnadar for tre til fem år. Fondet har bygd seg opp over tid, og perioden ser ut til å overskride 3-5 år. Dette strider i mot generasjonsprinsippet som går ut på at brukarane berre skal betale for tenester dei sjølv har nytte av, og at dagens brukarar ikkje skal subsidiera bruk til andre.

Etter vår vurdering har ikkje kommunen per dags dato tilstrekkelig med rutinar når det kjem til fastsettjing/ utrekning av gebyr. Mykje av dagens praksis ser ut til å basera seg på rutinar og definisjonar som med fordel kunne ha blitt gjennomgått og revidert. Vi etterspurte mellom anna svar på kva som ligg bak kommunen sitt årsgebyr, men kommunen har ikkje lukkast med å synleggjere korleis ein har kome fram til delinga mellom fast og variabel del.

I 2010 bestemte kommunestyret at det skulle setjast ned eit utval som skulle sjå nærmare på definisjon av abonnentar som er pliktige til å betale gebyr. Dette for å sikre ein meir hensiktsmessig fordeling av kostnader. Vi veit at kommunen i denne samanheng har fått klager retta mot seg frå innbyggjarar i kommunen, som meinar at kommunen har ein praksis der definisjonen av abonnentar ser ut til å favorisere større verksemder. Utvalet har etter 5 år endå ikkje kome opp med eit svar, og det er etter vårt syn kritikkverdig.

#### **■ Korleis har kommunen planlagt å møte eit aukande vedlikehalds- og investeringsbehov med omsyn til sjølvkost?**

Kommunen fekk i 2012 på plass ein hovudplan for vassforsyning som inneheld ei rekke med tiltak som skal utførast i kommunen. Det er anslått at tiltak vil koste om lag 13,5 millionar kroner. Kommunen har tatt opp lån for å finansiere tiltaka, men på sikt skal dette finansierast gjennom sjølvkost, og det er derfor forventa at gebyra vil auke. På avløp har kommunen planlagt å få ein tilsvarande hovudplan, men det er ikkje bestemt når dette skal skje. Og på grunn av det ikkje er planlagt nokre større investeringar på avlaup i nærmaste framtid, er det heller ikkje planlagt noko auke av avløpsgebyra.

#### **■ Korleis er gebyrnivået i kommunen samanlikna med andre, samanliknbare kommunar?**

Samanlikna med andre kommunar ser vi at kommunen skil seg ut med eit høgt årsgebyr på vatn. Gebyret er 60 % høgare enn kommunen som ligg nest høgst. På avløp ligg kommunen om lag på snittet. I tillegg ser vi at kommunen har ei tilnærma 50/50 fordeling av fast og variabel del i årsgebyret når vi tar utgangspunkt i ein 125 kvm stor bustad. Dette er likt som fleire av dei andre kommunane vi har samanlikna kommunen med. Årsaka til at gebyret på vatn er så høgt som det er skuldast at det er krevjande å få til tilfredsstillande vassforsyning i kommunen mellom anna pga lekkasjar og at kommunen består av mange små vassverk.

**Basert på KPMG sine funn i datainnsamling og påfylgjande vurderingar ynskjer vi å presentere nokre tilrådingar:**

- Vi tilrår at kommunen innfører eit overslag over kostnader for 3-5 år, slik at dette samsvarer med krav i forskrift. Kommunen har gått til innkjøp av eit rekneark som ein kan nytte for å lage prognosar for fleire år framover, og vi tilrår at kommunen nyttar seg av denne moglegheita, ev. finn andre måtar å løyse det på.
- Vidare vil vi tilrå kommunen å vurdere om praksis knytt til utrekning av gebyr gir eit tilstrekkeleg samsvar mellom forbruk og betaling for den einskilde brukar. Dette kan til dømes takast inn som særskilt problemstilling i pågåande arbeidsgruppe som skal vurdere behov for endringar i lokal gebyrforskrift.
- Vi tilrår og at kommunen vurderer behovet for å utarbeide eksplisitte retningslinjer for utrekning av gebyr, som er tilpassa kommunen, og som vert nytta som eit tilegg til reknearket og sentrale retningslinjer.
- Kommunen bør etter vår vurdering utarbeide meir langsiktige vurderingar av behov for investeringar og vedlikehald innanfor avløp, slik ein har gjort for vatn. Slike utgreiingar er nyttige grunnlagsmateriale i arbeidet med å prognosar/overslag over kostnader i 3-5 års perspektiv, jf. det første punktet.
- Vår siste tilråding er at kommunen ser til at overskot på sjølvkostfond vert nytta innan ein 3-5 års periode. Kommunen sine inntekter *skal* over tid ikkje overstige dei reelle kostnadene ved tenesta, og kommunen har for tida eit sjølvkostfond på avløp som har stege over fleire år.

# Innhald

<b>Forord</b>	<b>1</b>
<b>Hovudbodskap</b>	<b>2</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>6</b>
1.1 Bakgrunn	6
1.2 Føremål og avgrensning	6
1.3 Problemstillingar	6
1.4 Metode	7
1.5 Revisjonskriteria	7
<b>2 Om gebyrnivået i Etne kommune</b>	<b>9</b>
2.1 Vatn og avløp i kommunen	9
2.2 Kva er sjølkost	9
2.3 Gebyra i kommunen	10
2.4 Utvikling av gebyrnivå	12
2.5 Vedlikehaldsbehovet til kommunen framover	12
<b>3 Gebyrnivået i samanliknbare kommunar</b>	<b>14</b>
<b>4 Praksis og rutinar i kommunen</b>	<b>17</b>
4.1 Utrekning av gebyr	17
4.2 Innkrevjing av gebyr	18
4.3 Rapportering	19
<b>5 Vurdering av sjølvkost i kommunen</b>	<b>20</b>
5.1 Utrekning	20
5.2 Fakturering	22
5.3 Rapportering	23
<b>6 Oppsummering og tilrådingar</b>	<b>24</b>
<b>7 Uttale frå rådmannen</b>	<b>25</b>
<b>Vedlegg 1 Forskrift om vass- og avløpsgebyr</b>	<b>27</b>
<b>Vedlegg 2 Oppstilling sjølvkostutrekning</b>	<b>28</b>
<b>Vedlegg 3 KOSTRA-tal</b>	<b>29</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Etne kommune valte i møte 18.11.2013 å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt om "VA-området". I møtet fekk i tillegg kontrollutvalsleiaрен mynde til å godkjenne prosjektplanen utanom fastsett møtetidspunkt. Prosjektplanen blei vedteke den 22.1.2013.

VAR-området er eit tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015, som vart vedteke i kommunestyret 26.11.2012. VAR-området var ikkje prioritert, men utvalet står fritt til å velje mellom alle identifiserte tema som står nemnt i planen.

## 1.2 Føremål og avgrensing

### 1.2.1 Føremål

Føremålet med denne forvaltningsrevisjonen er å sjå på VA-området i kommunen med fokus på sjølvkost, herunder om kommunen har etablerte rutinar på området. I rapporten vil vi mellom anna greie ut korleis gebyra er utforma og sjå på korleis gebyrnivået er i Etne samanlikna med andre kommunar. Sentralt vil det vere å undersøke om kommunen etterlever bestemmelsar i lover, forskrifter og retningslinjer og vi vil sjå på korleis kommunen har tenkt å møte eit aukande vedlikehalds- og investeringsbehov.

### 1.2.2 Avgrensing

Denne forvaltningsrevisjonen er avgrensa mot, og vil fylgjeleg ikkje inkludere, renovasjon. Etne kommunen er knytt til ei interkommunal ordning der kommunen kjøper renovasjonstjenester frå Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM).

## 1.3 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet vert følgjande problemstillingar lagt til grunn for forvaltningsrevisjonen:

**I kva grad har kommunen etablerte rutinar knytt til utrekning, fakturering og rapportering av sjølvkost på VA-området?**

Herunder vil vi besvare fylgjande underproblemstillingar:

- Korleis er gebyrregulativa for vatn- og avløpstjenestene utforma?
- I kva grad er kommunen sine utrekningar og rapporteringar av sjølvkost innanfor vatn og avløp i tråd med bestemmelsar i lover, forskrifter og retningslinjer?
- Korleis har kommunen planlagt å møte eit aukande vedlikehalds- og investeringsbehov med omsyn til sjølvkost?
- Korleis er gebyrnivået i kommunen samanlikna med andre, samanliknbare kommunar?

## **1.4 Metode**

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med krav i RSK001 Standard for forvaltningsrevisjon.

I prosjektet har følgjande teknikkar blitt brukt for å samle inn data:

### Dokumentanalyse

Til grunn for rapporten ligg gjennomgang og analyse av sentrale dokument. Mottatt skriftleg dokumentasjon inkluderar mellom anna:

- Forskrift om vass og avløpsgebyr
- Taksthefte 2014
- Rekneark sjølvkost VAR
- Hovudplan Vatn 2012-2022
- Kommunen sin årsrekneskap inkl. noter
- Sentrale retningslinjer (H-2140 og H-3/14)
- Diverse politiske saker frå kommunen

### Intervju

I samband med revisjonen har KPMG intervjua to personar, i tillegg er fleire personar blitt kontakta for å svare på enkeltpørsmål.

Utvat av personar for intervju er basert på forventa informasjonsverdi, personar si erfaring og formelt ansvar i høve til rapporten sitt føremål og problemstillingar. Intervjuet er gjort for å få utfyllende informasjon og forklaring til oversendt dokumentasjon frå kommunen. Alle data frå intervjuet er verifisert av respondentane, dvs. at respondentane har fått høve til å lese igjennom referata og gjere eventuelle korrigeringar.

### Benchmark

- Analyse av KOSTRA-tal, frå 2014-2010
  - KOSTRA-tal som viser utvikling i gebyrnivå og andre nøkkeltal er samla inn for Etne kommune og samanliknbare kommunar. Tala er samanstilt og tala for Etne kommune er samanlikna med dei andre kommunane.

## **1.5 Revisjonskriteria**

Til problemstillingane vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normer som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen.

Kjeldene for revisjonskriteria er gjort greie for under.

### **Krav til utrekning**

- Frå Forskrift om begrensning av forurensning § 16-1:
  - VA-gebyret skal baserast på sjølvkost og ikkje overstige "kommunens nødvendige kostnader på henholdsvis vann- og avløpssektoren".
  - Kommunen skal ha eit overslag over kommunen sine antatte direkte og indirekte kostnader knytt til drifts-, vedlikehalds- og kapitalkostnader på vatn- og avløpssektoren for dei nærmaste tre til fem åra.

- Det skal ligge føre eit overslag over kva beløp gebyra er antatt å innbringe.
  - Kommunen bør ha rutinar for å identifisere og dokumentere kapitalkostnader, som fylge av investeringar i anlegg og leidningsnett.
- Lokal gebyrforskrift §§ 5-6:
- Grunnlaget for utrekning av tilkoplingsgebyr er storleiken på bygning BRA.
  - Kommunen kan fastsetje avvikande eingangsgebyr for tilknyting dersom det blir ekstra høge eller låge kostnader ved etablering av tenesta.
  - Abonnementsgebyret skal dekkje faste kostnader som kommunen har med å legge til rette for produksjon og transport av vatn og med å handsame og transportere kloakk. Dette er kostnader, uansett produsert mengd.
  - Forbruksgebyret skal dekkje kostnadene som kommunen har med sjølve vassproduksjonen. Det kan vere straumkostnader til pumper eller oppdimensjonering av leidningsnettet. Forbruksgebyr er anten basert på målt vassforbruk eller stipulert vassforbruk.

### Krav til fakturering

- Etne kommune si "Lokal forskrift om vass- og avlaupsgebyr § 11":
- Kommunen skal sende faktura for eingangsgebyr samstundes med igangsettingsløyve (byggeløyve) vert gitt eller når eksisterande bygg bli tilknytt kommunal leidning.
  - Abonnementsgebyr og forbruksgebyr (dvs årsgebyret) vert kravd inn på felles faktura og skal fordelast over 2 terminar pr. år.
  - Gebyr for mellombels tilknyting og tilleggsgebyr vert fakturert særskilt.
  - Avlesing av målt vassforbruk skjer ein gong årleg.

### Krav til rapportering

- Kommuneloven § 48 om Årsregnskapet og årsberetningen fastsetter i nr 2 at "Årsregnskapet skal føres i overensstemmelse med god kommunal regnskapsskikk."
- I kommunal regnskapsstandard (GKRS) nr 6 står det at årsrekneskapen skal:
- Opplyse om (vise) utrekninga av gebyrfinansierte sjølvkost tenester, herunder resultatet av sjølvkostutrekninga over fleire år.
  - Utrekninga kan innehalde oversikt over direkte kostnader, indirekte kostnader, netto kapitalkostnader og over- / underskot.
- Kommunal- og regionaldepartementet sine "*Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester*" (H-2140) frå 2003, krev at kommunen må:
- "foreta en etterkalkulasjon (etterkalkyle) av de reelle kostnadene innenfor de aktuelle tjenesteområdene. Dette må gjøres for å føre kontroll med at gebyrinntektene ikke overstiger kommunens selvkost."*

## 2 Om gebyrnivået i Etne kommune

### 2.1 Vatn og avløp i kommunen

Vatn og avløp er underlagt eininga "Drift og vedlikehald" i Etne kommune. Eininga består totalt av om lag 20 tilsette. På vatn og avløp har kommunen per i dag tre driftsoperatørar i tillegg til ein rådgivar som jobbar 70 % på VA. Stillingane er fordelt på vatn og avløp i sjølvkostrekneskapen.

I Etne kommune er dei største utfordringane innan VA-området knytt opp mot vatn. Å sikre trygg vassforsyning er tidkrevjande og slik har det vore lenge. Det skuldast mellom anna strukturen i kommunen. Etne har 5 kommunale vassverk og 15 private. Mange av vassverka er små vassverk med dagtankar. Kommunen får ofte utfordringar i periodar med mykje nedbør, pga av at reinseanlegget ikkje toler store vassmengder. Det som skjer er at smuss vert dradd med av vassmengda og tettar filtera. Kommunen har heller ikkje uavgrensa med vatn å ta av, noko som kan bli ei utfordring viss innbyggjartalet i Etne (sentrum) held fram med å auke. Kommunen har også utfordringar med lekkasjar, og ei årsak til det er at delar av leidningsnettet er bygd for mindre trykk enn det dei vert utsett for. Leidningsnettet er i tillegg gammalt og består mellom anna av jernrør som slår sprekker som fylgje av rust. Kommunen har som målsetting å redusere omfangen av lekkasjar.

Vassforsyning er også sårbart for kommunen, då dei berre har i underkant av 500 abonnentar som er tilknytt vassnettet. Endringar i antall abonnentar kan fort gi store utslag på inntektsgrunnlaget. På avløpssida har kommunen nesten dobbelt så mange abonnentar. På avløp for øvrig vert det i intervju gitt uttrykk for at utfordringane er færre.

Kommunen har per i dag 570 abonnentar på vatn - der 223 av disse har vassmålar. På avløp er det 918 abonnentar og av dei er det 284 som har vassmålar.

Drift og vedlikehald har ansvaret for vatn og avløp i kommunen og skal sjå til at dette til ei kvar tid fungerer som det skal. Utgiftene kommunen har til drift og vedlikehald av vatn og avløp vert dekka av sjølvkost. Når det kjem til gebyrfastsetjing, fakturering og liknande så samarbeidar Drift og vedlikehald tett med økonomiavdelinga i kommunen. Korleis dette arbeidet vert gjort i praksis vil vi sjå på seinare i rapporten.

### 2.2 Kva er sjølvkost

#### 2.2.1 Prinsipp bak sjølvkost

Sjølvkost kan definerast på følgjande måte:

*"Sjølvkost er den totale kostnadsauka som kommunen vert påført ved å produsere ein bestemt vare eller teneste."*

Dette betyr at det berre skal vere kostnadar som enten er direkte eller indirekte knytt til den aktuelle tenesta som skal inngå i utrekningsgrunnlaget for sjølvkost. Kostnader kommunen ville ha uavhengig av tenesta skal med andre ord ikkje inngå.

Utrekning av sjølvkost bygger på prinsippet om at brukarane av dagens tenester skal betale det disse tenestene kostar. Dette betyr at ein generasjon brukarar ikkje skal subsidiere neste generasjon, eller omvendt.

Eit anna viktig prinsipp ved å knytte gebyrnivået til sjølvkost er at kommunen skal kunne få tilbake dei utlegga ein opphavleg hadde ved anskaffinga, samt bli kompensert for den kapitalen som har blitt bunde opp ved anskaffinga.

I denne forvaltningsrevisjon skal vi sjå korleis sjølvkostprinsippet innanfor tenestene vatn og avløp i Etne kommune vert handtert.

## 2.2.2 Sentral retningslinjer/ lovkrav

Lov om kommunale vass – og avløpsanlegg<sup>1</sup> §§ 3 - 4 fastset at kommunar kan krevje vass- og avløpsgebyr, og at gebyra skal vere eingongsgebyr for tilknyting samt årlege gebyr.

Hovudreglane om utrekning og innkrevjing av gebyr er fastsett i sentral forskrift<sup>2</sup>, i tillegg kan kommunar vedta lokal forskrift om storleiken på gebyra, samt gje nærmere reglar om gjennomføring av gebyrvedtaket og innkrevjing av gebyra.

Forskrift om begrensning av forurensning<sup>3</sup> § 16-1 fastsett prinsippet om at VA-gebyr skal baserast på sjølvkost. I dette ligg det at VA-gebyret ikkje skal overstige "kommunens nødvendige kostnader på høvesvis vass og avløpssektoren".

Det går vidare fram av forskrifta § 16-1 at ved utrekning av sjølvkost "bør de til enhver tid gjeldende retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester legges til grunn".

Slike retningsliner er mellom anna fornøya av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2014: *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-3/14)*. Disse retningslinjene er erstatter retningslinjene frå 2003 (H-2140), og er gjeldende frå 2015.

## 2.2.3 Lokale rutinar

Etne kommune har i kommunestyret sak 26/07 vedteke lokal "Forskrift om vass – og avlaupsgebyr". Forskrifta er gjeldande frå 01.01.2008, og fastset reglar for utrekning og betaling av VA-gebyr.

*Forskrifta er lagt ved rapporten i sin heilskap.*

Regulativet er gjort gjeldande frå 1.1.2008. Innhold og satsar i gebyrregulativet vert fastsett av kommunestyret ved den årlege budsjettetthandsaminga.

## 2.3 Gebyra i kommunen

Reglar for fastsettjing av årsgebyr går fram av §§ 5-6 i lokal gebyrforskrift, og seier at kommunen skal ha eit eingongsgebyr for tilknyting og at dei skal ha eit årsgebyret - som skal vera samansett av to delar - eit abonnementsgebyr og eit forbruksgebyr.

I Etne kommune har dei eit eingongsgebyr for tilknyting til leidningsnettet, samt årsgebyr. Eingongsgebyret skal dekke kostnader som kommunen har med utbygging av kommunalt nett og anlegg. Det kan krevjast auka tilknytingsgebyr ved stor forureining eller nettbelastning. Kommunen kan fastsetje avvikande eingongsgebyr for tilknyting dersom det blir ekstra høge eller låge kostnader ved etablering av tenesta

Årsgebyret består, som påkrevd, av ein fast og ein variabel del. Den faste delen (abonnementsgebyret) er lik for alle, og skal dekke kommunen sine fastekostnadane som er upåverka

<sup>1</sup> Lov 16. mars 2012 nr 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg

<sup>2</sup> Forskrift 1. juni 2004 nr 931 om begrensning av forurensning

<sup>3</sup> Forskrift 1. juni 2004 nr 931 om begrensning av forurensning

av produsert mengd. Den variable delen (forbruksgebyret) skal dekkje kostnadene som kommunen har med sjølve vassproduksjonen.

Den variable delen av avgiftene skil mellom dei som har installert vassmålar og dei som betaler etter stipulert forbruk. Ved stipulert forbruk tar ein utgangspunkt i størrelse på bustad. Grunnlaget for utrekning er størrelsen på bustaden sitt bruttoareal.

I tillegg betaler næringseigedom og offentlege verksemder ein lågare sum variable kostnadar på grunn av lågare omrekningsfaktor. På både vatn og avløp opererer kommunen med ein omrekningsfaktor på 2 ( $2 \text{ m}^3$  per  $\text{m}^2$ ) for næringseigedomar og offentlege verksemder. Dei betalar med andre ord berre  $2/3$  av det som vanlege bustadar, hytter og fritidsbustadar gjer, då disse har ein omrekningsfaktor på 3. Bruk av disse faktorane har vore gjeldande praksis i kommunen i mange år, men blei først vedtatt i kommunestyret i 2014 (K-sak 09/14)

### 2.3.1 Vatn

Etne kommune har 5 (kommunale vassverk), og disse leverer vatn gjennom det kommunale leidningsnettet til dei bustadene og bygga som er knytt til nettet. Eventuelle krav til slik tilknyting blir normalt avgjort gjennom reguleringsplanen eller ved søknad om byggeløyve.

Tabellen under viser kloakkavgiftene for 2014, som er henta frå taksthefte til kommunen.

Vassavgifter 2014 - Bustad og næring	
Beskrivelse	Pris m/ MVA
<b>Abonnementsgebyr (fast del)</b>	Kr 3 514,00
<b>Forbruksgebyr (variabel del)</b>	Kr 10,25
<b>Tilkoplingsgebyr (for bruksareal inntil 500m<sup>2</sup>)</b>	Kr 18 464,00

I Etne kommune reknar dei med at bustader har eit forbruk på  $3 \text{ m}^3$  per kvadratmeter. Stipulert forbruksgebyr på avløp per  $\text{m}^2$  vert dermed 30,75 kroner m/ MVA. Det same gjeld for hytter og fritidseigedom.

### 2.3.2 Avløp

Forureiningslova stiller krav til alle utslepp, og på bakgrunn av dette har Etne kommune etablert to sentrale avløpsanlegg, med tilhøyrande silanlegg for tettstadene Etne og Skånevik. I tillegg har kommunen bygd ut tre mindre avløpsanlegg med slamavskiljar.

Kommunen har ansvar for etablering, drift og vedlikehald av offentlege avløpsanlegg. Føremålet er å samle opp avløpsvatn, transportere vatnet til eigna reinseanlegg og sleppe det reinsa vatnet ut i ein vassførekommst.

Tabellen under viser kloakkavgiftene for 2014, som er henta frå taksthefte til kommunen.

Kloakkavgifter 2014 - Bustad og næring	
Beskrivelse	Pris m/ MVA
<b>Abonnementsgebyr (fast del)</b>	Kr 1 443,00
<b>Forbruksgebyr (variabel del)</b>	Kr 4,00
<b>Tilkoplingsgebyr (for bruksareal inntil 500m<sup>2</sup>)</b>	Kr 22 251,00

I Etne kommune reknar dei med at bustader årleg har eit forbruk på  $3 \text{ m}^3$  per kvadratmeter. Stipulert forbruksgebyr på avløp per  $\text{m}^2$  vert dermed 12,00 kroner m/ MVA. Det same gjeld for hytter og fritidseigedom.

## 2.4 Utvikling av gebyrnivå

Gebyra i kommunen har auka dei siste åra, det gjeld særleg på vatn. Dette skuldast primært behov for å ta igjen for låge gebyrsatsar over nokre år, men og kostnadane knytt til å få utarbeid ny hovudplan for vatn. Gebyrauka har ikkje tatt høgde for forventa investeringar som fylgje av hovudplanen, som presenterer investeringsprosjekt for om lag 13 millionar kroner dei neste åra. Eventuell gebyrauka vil kome etter kvart som kommunen setter i gong tiltak.

På avløp har gebyra i nokre år vore for høge, og kommunen har sett av ein del midlar på fond. Dette heng saman med at Drift og vedlikehald har prioritert å jobba mykje med vassområdet dei seinare åra, og ein har ikkje hatt kapasitet til å jobbe så systematisk med avløp som ein har planlagt. På bakgrunn av overdekkinga blei gebyra på avløp satt ned i 2014.

I fylgje note 11 frå rekneskapen til kommunen for 2013, har kommunen hatt følgjande finansielle dekningsgrad dei siste åra:

		2010	2011	2012	2013
<b>Vatn</b>	Finansiell dekningsgrad	0,61	0,78	1,32	1,46
<b>Avløp</b>	Finansiell dekningsgrad	0,8	1,12	1,35	1,49

Finansiell dekningsgrad viser kor mykje kommunen har fått dekka opp av utgiftene inneverande år ved hjelpe av gebyrinntekter. Dette er før midlar vert avsett til - eller henta frå - sjølvkostfondet. Dersom verdien hadde vore 1,0 hadde det indikert 100 % samsvar mellom inntekter og utgifter. Verdi <1 betyr at utgiftene har vore større enn inntektene.

Tabellen gjenspeglar det som vert sagt over, at gebyra for vatn har auka dei siste åra. Det ser ein av at den finansielle dekningsgraden har auka jamt frå 0,61 i 2010 til 1,46 i 2013.

Den finansielle dekningsgraden har stege jamt på avløp sidan 2010 og per 2013 hadde kommunen eit sjølvkostfond kloakk på 2 945 659 kroner - og dette fondet har bygd seg opp sidan 2010. Gebyra skal, i fylgje retningslinjene, jamnast ut i løpet av ein 3-5 års periode. For å få dette til må kommunen nytte fondsmidlar. I år valte kommunen å redusere gebyret på avløp. Abonnementsgesbyret vart eksempelvis redusert frå 1649 kr til 1154 kr. Dette på grunn av at gebyrnivået har vore for høgt nokre år.

## 2.5 Vedlikehaldsbehovet til kommunen framover

### 2.5.1 Vatn

I 2012 fekk kommunen ein hovudplan på vatn, som vart utarbeida med hjelp av eit eksternt firma. Planen - som gjeld frå 2012-2022 - gir kommunen oversyn over dei utfordringane kommunen står ovanfor i åra framover. Hovudplanen, som tok utgangspunkt i gjeldande situasjon, har identifisert og prioritert tiltak for sikring av alle ledd i vassforsyninga. Kommunen vil så langt det er mulig førebygge hendingar som kan medføre svikt i vassforsyninga både i forhold til kvalitet og kvantitet.

I intervju vart det sagt at hovudplan vatn har gitt kommunen eit teknisk eit handlingsrom. I planen er det lista opp prioriterte tiltak som skal gjennomførast. Nokre av disse tiltaka kjem kommunen til å ta viss det høver seg i samband med utbygging. Elles vert tiltak gjennomført etter prioritering eller ved behov.

Etne kommune har mellom anna som målsetting å redusere lekkasjane på nettet i Etnesjøen til 25 % i denne planperioden. Det vil frigjøre kapasitet i vassproduksjonen som vil kunne dekke eit auke vassbehov som kjem av befolkningsauke og auke i industri og næringsliv.

Tiltaka har ei samla stipulert kostnadsramme på 13,5 millionar kroner i planperioden. I samband med utarbeidninga av denne planen har kommunen teke opp lån på 10 mill kroner for å sikre finansiering til framtidig investering og vedlikehald. Det er i neste omgang lagt opp til auke i avgifta for å dekke inn investeringane, men kva tid og kor mykje er framleis uvisst.

## 2.5.2 Avløp

I intervju vert det opplyst om at det i tillegg til vatn er ynskjeleg å få på plass ein hovudplan på kloakk, men at dette arbeidet per i dag ikkje er noko drift og vedlikehald har kapasitet til å setje i gong. Kloakk har historisk sett heller ikkje hatt dei same utfordringane som kommunen har hatt knytt til vatn, og vi forstår på kommunen at arbeidet med å få på plass ein plan ikkje er noko som hastar.

På avløp er det eit behov for utskiftingar, mellom anna på pumpene, men her har kommunen ein plan for utskifting. Mykje av arbeidet vert elles sagt å vere ad hoc-arbeid i tillegg til faste tilsyn og rutineprega oppgåver.

På grunn av det ikkje er planlagt nokre større investeringar på avløp i nærmeste framtid, er det heller ikkje planlagt auke av avløpsgebyra. Som vi veit så har kommunen nytta fondsmidlar til å finansiera redusert avgift inneverande år.

På både vatn og avløp vert større prosjekt gjennomført av eksterne fagfolk som kommunen leiger inn. Dette skuldast hovudsakleg at mykje av arbeidet er omfattande, kombinert med at driftsoperatørane i kommunen ikkje har tid til å gjennomføre slike prosjekt sjølv, i tillegg til å ivareta den daglege drifta.

### 3 Gebyrnivået i samanliknbare kommunar

Innleiingsvis kan vi sei at gebyra for vatn og avløp nasjonalt sett har auka i løpet av de siste 20 åra, og auka har vore større enn inflasjonen. I fylgje Huseierenes årsrapport for *kommunale gebyr for vann, avløp, renovasjon og feiring*, så er det berre to av dei siste 20 åra som samla sett viser negativ realvekst. Over år fører dette til at gebyrbelastninga vert stadig tynge. Ein del av forklaringa på auka vert sagt å vere auka standard på vassforsyning, avløpsanlegg som fylgje av auka myndigheitskrav.

I denne revisjonen vil vi samanlikna kommunen med 5 kommunar, som vi har valt ut ved hjelp av fylgjande faktorar: innbyggjartal, areal, nærliggande kommunar og kva KOSTRA-gruppe dei tilhører. Etne er den minst befolka av kommunane, men både Sveio, Sauda og Vaksdal vert, i likskap med Etne, karakterisert som "små kommunar" i KOSTRA. Vindafjord og Odda er nabokommunar, som vert karakterisert som "middelsstore kommunar". I areal så ligg Etne i midtsjiktet blant disse kommunane.

Tabell 1: Kommunar til samanlikning

	Innbyggjartal	Areal	KOSTRA-gruppe
<b>Etne</b>	4 057	735,27	2
<b>Sveio</b>	5 463	246,14	2
<b>Sauda</b>	4 760	546,36	3
<b>Vaksdal</b>	4 140	715,34	3
<b>Vindafjord</b>	8 747	620,44	11
<b>Odda</b>	7 006	1 6175,92	12

Under skal vi sjå korleis stipulert årsgebyr, variabel del og fastledd varierer mellom disse kommunane for høvesvis vatn og avløp. Tala er henta i frå innrapporterte tal til KOSTRA. Vi har også laga tabell som viser utvikling over tid i kommunane frå 2010-2014, men dei har vi lagt i vedlegg på grunn av størrelse.

Tabell 2 Årsgebyret til Etne og samanliknbare kommunar på vatn. Tal frå KOSTRA for 2014 (u/ MVA)

	Stipulert årsgebyr	Gebrysats ved målt forbruk (kr/m <sup>3</sup> )	Fastledd ved todelt gebyrordning	Fastledd som andel av stipulert årsgebyr
<b>Etne</b>	5886	8,2	2811	48 %
<b>Sveio</b>	2320	9,6	1160	50 %
<b>Sauda</b>	3630	13,75	880	24 %
<b>Vaksdal</b>	2778	7,85	1648	59 %
<b>Vindafjord</b>	2259	6,45	1130	50 %
<b>Odda</b>	3509	20,4	566	16 %

For å finne årsgebyret har ein i KOSTRA tatt utgangspunkt i ein bustad på 125 kvadratmeter. Tidlegare i rapporten såg vi at Etne reknar med 3 m<sup>3</sup> per kvadratmeter. Dette varierar imidlertid mellom kommunar. For Etne sin del vil altså ein bustad på 125 kvm måtte betale 3 075,- i variable kostnadar når prisen per m<sup>3</sup> er 8,2 kr.

Av tabellen over ser vi at Etne kommunen har det klart høgaste årsgebyret i 2014, og gebyret ligg meir enn 60 % høgare enn Sauda kommune, som ligg nest høgast.. I vedlegg kan ein sjå tal tilbake frå 2011, og ein ser at Etne har lagt høgt sidan 2012.

Vi har også sett på kor stor andel fastleddet utgjer av totale årsgebyr (med utgangspunkt i 125 m<sup>2</sup> stor bueining). Der ser vi at Etne, saman med Vindafjord og Sveio, har ei tilnærma 50/ 50 fordeling. Her er det Odda og Sauda kommune som skil seg mest ut, der fastleddet utgjer høvesvis 16 % og 24 % som andel av stipuler årsgebyr

Tabell 3 Årsgebyret til Etne og samanliknbare kommunar på avløp. Tal frå KOSTRA for 2014 (u/ MVA)

	<b>Stipulert årsgebyr</b>	<b>Gebrysats ved målt forbruk (kr/m<sup>3</sup>)</b>	<b>Fastledd ved todelt gebyrordning</b>	<b>Fastledd som andel av stipulert årsgebyr</b>
<b>Etne</b>	2354	3,2	1154	49 %
<b>Sveio</b>	2960	12,4	1480	50 %
<b>Sauda</b>	2592	8,93	805	31 %
<b>Vaksdal</b>	2239	7,48	1162	52 %
<b>Vindafjord</b>	3238	9,25	1619	50 %
<b>Odda</b>	3751	21,6	631	17 %

Når det gjelder avløp ser vi av tabellen at dei stipulerte årsgebyra er mykje meir jamne, og at Etne kommune ligg om lag på same nivå som dei andre kommunane. Odda er kommunen som har høgst stipulert årsgebyr og Vaksdal er kommunen som har lågast, etterfylgt av Etne kommunen. Etne kommune ligg saman med Vaksdal på midten når det gjelder fastgebyr og lågast på gebrysats per målt forbruk.

I likskap med førre tabell ser vi at Etne, saman med Vindafjord og Sveio, også på avløp har ei tilnærma 50/ 50 fordeling mellom fast og variabel del, når vi tar utgangspunkt i ei 125 m<sup>2</sup> bueining. Fordelinga hos dei øvrige kommunane held seg også om lag på same nivå som på vassforsyning.

Tabell 4: Diverse nøkkeltal frå KOSTRA, statistikkområde vatn, 2013

	<b>Etne</b>	<b>Sveio</b>	<b>Sauda</b>	<b>Vaksdal</b>	<b>Vindafjord</b>	<b>Odda</b>
<b>Total vassleveranse på kommunalt distribusjonsnett</b>	270 200	708 320	1 316 000	827 825	1 240 078	1 693 626
<b>Andel mengde vann til lekkasje</b>	46 %	1 %	-	26 %	49 %	60 %
<b>Lengde leidningsnett totalt (meter)</b>	10 600	126 780	66 705	34 930	126 347	96 870
<b>Andel av befolkninga som er tilknytt kommunal vassforsyning</b>	26	76,8	94,7	76,2	50,7	92,4
<b>Tilknytingstettleik på distribusjonsnettet (innb/km)</b>	99	33	67	90	35	67

Årsaka til at Etne kommune skil seg ut når det gjeld størrelse på gebyr innanfor vatn kan skuldast det som vi var inne på tidlegare, som var at kommunane har eit dårlig vassenett. Dette indikerar truleg

andel lekkasje av total vassleveranse som vi ser av tabellen over. I tillegg har kommunen fleire, små vassverk, som er utfordrande å drive i høve til gjeldende krav til vannforsyning.

Etne kommune skil seg også ut med færrast meter med leidningsnett samt lågast andel av befolkninga som er tilknytt kommunal vassforsyning. At Etne kommune har kortast leidningsnett er med på å gi Etne kommune høgast tilknytingstettleik på distribusjonsnettet samanlikna med dei andre kommunane. Dette treng for øvrig ikkje å bety noko når det gjeld årsaker til at kommunen har høge årsgebyr.

# 4 Praksis og rutinar i kommunen

## 4.1 Utrekning av gebyr

I Etne kommune er det kommunestyret som årleg fastset storleiken på VA-gebyra. Dette skjer gjennom vedtak i kommunestyret kvar haust i forkant av budsjettsaka. I forkant er det økonomiavdelinga i kommunen som har ansvar for utrekninga, og dette skjer gjennom eit eigenutvikla rekneark. Kva haust vert dette oppdatert, mellom anna i høve til tal abonnentar.

Kommunen har for øvrig ingen eksplisitte skriftlege retningslinjer for utrekning av sjølvkost lokalt. Reknearket som kommunen har benytta, har mellom anna bygd på retningslinjene i H-2140 og lokale tilpassingar.

Grunnlaget for utrekningane har til no vore henta direkte frå økonomisystemet, men kommunen har nyleg skaffa eit nytt eigedomsregister (KomTek-modul). Dette er vurdert som eit stort framsteg for kommunen, og skal gi eit langt betre grunnlag for identifisering av abonnentar. Mellom anna får ein henta inn ein del "gratisplassasjerar" i form av abonnentar som ein ikkje tidlegare har identifisert. Systemet vart tatt i bruk for første gong igjennom fakturering av kommunale avgifter for 2. termin i år.

Utrekning og gebyrnivå vert som nemnt dokumentert i reknearket som vart omtala i førre avsnitt. Kommunen gir sjølv uttrykk for i intervju at dette reknearket/ systemet ikkje er særleg avansert. Dette vil endre seg no, for i sommar gjekk kommunen til anskaffing av eit nytt rekneark (frå Momentum Consulting). Dette vil gje eit langt betre grunnlag for utrekning av reelt gebyrbehov. Dette gjeld særlig dei indirekte kostnadene, der kommunen ikkje har hatt gode nok utrekningar tidlegare. Kommunen har oppdaga at dei indirekte kostnadene har vore noko undervurderte.

Kapitalkostnader på investeringar vert ført i investeringsrekneskapet, og kalkulatorisk rente vert rekna ut på grunnlag av kommunen sin anleggsmodul Hovudregelen for utrekning av sjølvkost ved investeringar er at kommunen ikkje skal ta med dei reelle kostnadene i gebyrgrunnlaget, men kalkulatoriske kostnader. Bakgrunnen for dette er at gebyret ikkje skal bli påverka av finansieringsmåten kommunen vel.

Fram til no har ikkje kommunen hatt eit overslag over kommunen sine antatte direkte og indirekte kostnader knytt til drifts-, vedlikehalds- og kapitalkostnader på vatn- og avløpssektoren for dei nærmaste tre til fem åra, slik som kravet er. Dette er kostnadene som kommunen har presentert frå år til år gjennom den ordinære budsjettprosessen, som tidlegare omtalt. I tillegg har ein utvikla eit eige taksthefte for kommunale gebyr som ligg ved budsjettet.

I det nye reknearket som kommunen har skaffa, har ein derimot eit betre verktøy til å lage prognosar for kostnader på området for fleire år framover. Kommunen har avtalt eit møte med leverandør for å bli betre kjent med kva moglegheitene som ligg i reknearket på dette området – ein har så langt ikkje tatt stilling til korleis ein skal nytte dette i tida framover.

### 4.1.1 Endring av lokal gebyrforskrift

Kommunestyret vedtok i sak 16/09 ei endring i forskrift om vass- og avlaupsgebyr § 7 om leige av vassmålar. Vedtaket innebar følgjande endring:

- Til måling av vassforbruket skal abonnenten montere og vedlikehalde vassmålar av type som må godkjennast av kommunen. Abonnenten må sjølv koste innkjøp og installasjon av vassmålar.
- Næringsdrivande skal få pålegg om installeringa.
- Private hus og hytter kan få pålegg.

- Når vassmålar er installert skal kommunen informerast, slik at kommunen får høve til å kontrollere installeringa.

I saksframlegget står det vidare at dersom abonnentane sjølv vil kan dei installere vassmålar og at då vil abonnenten betale for reelt vassforbruk, noko som er meir rettferdig. På sikt ynskjer kommunen at det blir installert vassmålar hos alle abonnentane.

Dette vedtaket er endå ikkje blitt innarbeida i gjelande forskrift.

I kommunestyresak 28/10 vart det sett fram forslag om endring i definisjon av kven som er pliktige til å betale VA-gebyr. Forslaget gjekk i hovudsak ut på at eigne brukseiningar på same gnr/bnr skal betale eigne avgifter til både vatn og avløp. Som eigne brukseiningar vært rekna alle som er oppført som eigen brukseining i matrikkelen og/eller i folkeregisteret oppført med eigen adresse og/eller har eigen straummålar. Dersom ei brukseining ikkje blir brukt over lengre periodar, kan det søkjast om fritak frå gebyra, eit år om gangen. Kommunen har då rett til å krevje fysisk fråkopling eller plombering. Dersom brukseininga skal takast i bruk igjen, skal det ikkje betala last for påkopling på ny.

Bakgrunnen for forslaget er gjort greie for i saksframlegget, kor det går fram at eit mål med forskrifa om vass- og avløpsgebyr er at ho skal vere mest mogeleg rettferdig for brukaren. Det er mest rettferdig at kvar utskilt bueining, som har innlagt vatn og avløp, er med og betaler for kostnadene til tilrettelegginga. Med omsyn til at det skal vere mest mogeleg likt for alle er det ønskeleg på sikt at alle abonnentar har vassmålar og slik betaler den variable delen av avgiftene etter målt forbruk.

Forslaget over vart ikkje vedteke. I staden fatta kommunestyret vedtak om at det skulle setjast ned ei prosjektgruppe med medlemmar frå både politisk hald og administrasjonen. Gruppa sitt føremål har vore å greie ut eit nytt regelverk for VA-området. Saka (K-028/10) vart difor utsett i påvente av prosjektgruppa sitt arbeid. Vedtaket var at resultatet av gruppa sitt arbeid skulle leggjast fram som sak i kommunestyret i september d. å (2010). Per august 2014 har prosjektgruppa endå ikkje levert utkast til nytt regelverk for VA-området til politisk handsaming, men at dette skal skje i løpet av hausten 2014.

I intervju vert det sagt at årsaka til at det har tatt så lang tid er kapasitetsutfordringar. Det vert vidare sagt at det å få på plass eit nytt regelverk for VA-området er viktig for alle partar. Det er mellom anna viktig å spesifisere ansvarsforhold, og det er viktig å få betre definisjonar på enkelte område, som til dømes kva som er ein hybel. Per i dag vert det ein del politisk handsaming av enkeltsaker på grunn av at regelverket ikkje inneholder gode nok definisjonar. Eit nytt regelverk er tenkt å gjøre handsaminga meir handterlig.

## 4.2 Innkrevjing av gebyr

Å sende fakturaer til kommunen sine innbyggjarar er det tenestetorget og økonomikontoret som jobbar med. Tenestetorget har ansvar for at grunnlaget er riktig, medan økonomikontoret er ansvarleg for sjølve innkrevjinga gjennom å sende ut faktura. Tidlegare vart det benytta eit delvis manuelt system, men dette har betre seg ettersom kommunen har tatt i bruk KomTek-modulen. Det er Tenestetorget som har ansvar for å halde ved like dette systemet. Fakturering skjer fire gongar i året. Då vert ei fil som sendt til økonomiavdelinga som deretter tar fakturagrunnlaget inn i økonomisystemet. Ein skriftlig rutine på korleis dette skal skje er nyleg utvikla/under utvikling.

Eingangsgebyr er det også tenestetorget i kommunen som lager til, og økonomikontoret som sender ut. Når byggesak er ferdig med sitt, får tenestetorget sakene tilsendt og lager gebyr på bakgrunn av desse. Det har vore fokus på at denne prosessen har vore unødvendig tungvint. Det er derfor bestemt at det skal gjennomførast ein lean-prosess for å vurdere forenklingar.

Størrelsen på gebyra går fram av fakturaer som vert sendt ut, og som revisor har fått sett døme på. Det vert elles opplyst om eventuelle endringar av gebyrstørrelse i annonse i lokalavisa etter at budsjettet er vedteke. Kommunen nyttar ikkje praksis med a konto fakturering.

## 4.3 Rapportering

Oppfylging av sjølvkost igjennom året skjer som ein del av den generelle budsjetttoppfølgingen, i månedsrapportering til rådmannen og tertialrapportering inkl. årsmelding til politisk. Drift og vedlikehald rapporterer til økonomiavdelinga, som tar det vidare til rådmannen. Det er drift og vedlikehald som tar ut ferdige rapportmalar frå økonomisystemet, og økonomikontoret hjelper til ved behov.

Dersom ein ser at gebyrinntektene overstig eller er mindre enn utgiftene så vert dette regulert ved bruk og avsetning til fond. På avløp har det vore avsetjingar over fleire år, medan kostnadane på vassområdet har vore større enn gebyrinntektene dei siste åra.

Etne kommune presenterer årleg sjølvkostberekinga for vatn og avløp i note 11 i årsrekneskapen (sjå vedlegg 2). Berekninga inneheld mellom anna sum inntekter og utgifter og netto fondsbruk for 5 år tilbake i tid.

# 5 Vurdering av sjølvkost i kommunen

Når det gjeld i kva grad Etne kommune etablerte rutinar knytt til utrekning, fakturering og rapportering av sjølvkost i samsvar med regelverket så har vi følgjande vurderinger:

## 5.1 Utrekning

Vi har vurdert kommunen sine rutinar for utrekning av gebyr opp mot følgjande krav:

Sentrale krav

- Forskrift om begrensning av forurensning § 16-1 fastsett at kommunen skal ha reglar for utrekning og innkrevjing av VA-gebyr, innanfor rammene av den sentrale forskrifta.
- Krav til utrekninga av sjølvkost er mellom anna at rekneskapen skal innehalda direkte og indirekte kostnadar.
  - Direkte kostnader er kostnader kommunen har med å tilrettelegge for vass og kloakk for abonnentane. Dette kan til dømes være kostnader knytt til leidningsnettet.
  - Indirekte kostnadar er eksempelvis kostnader knytt til stillingar i kommunen som arbeider med vass og kloakk, men som også har andre arbeidsoppgåver. Kommunen bør ha rutinar for å fordele kostnader til slike stillingar, slik at ein andel av kostnadene vert inkludert i grunnlaget for utrekninga av VA-gebyret.
- Før kommunen gjer vedtak om storleiken på VA-gebyra, skal det ligge føre eit overslag over kommunen sine estimerte direkte og indirekte kostnader knytt til drifts-, vedlikeholds- og kapitalkostnader på vatn- og avløpssektoren for dei nærmaste tre til fem åra. Det skal også ligge føre eit overslag over kva beløp gebyra er antatt å innbringe.
- Utrekninga skal også omfatte kapitalkostnader som følge av investeringar i anlegg og leidningsnett. Kapitalkostnader vil vere kommunen sine utgifter til investeringa pluss renter.

Kommunen har ingen eksplisitte skriftlege retningslinjer for utrekning av sjølvkost lokalt. Kommunen har utarbeidd eit rekneark m.a. med bakgrunn i på retningslinjene i H-2140 og lokale tilpassingar. Vi setter eit spørsmålsteikn ved om kommunen sin praksis er tilstrekkeleg til at kravet i § 16-1, om at kommunen skal ha reglar for utrekning (og innkrevjing) av VA-gebyr, vert innfridd. Det skuldast mellom anna at kommunen ikkje kjener godt nok til kva som er grunnlaget for gebrysatser. Utrekninga ser i stor grad ut til å vere innarbeidd praksis samt bruk av satser som ble fastsatt lang tid tilbake. Dette kunne med fordel blitt oppdatert, samla og nytta som ei lokal retningslinje.

Når det gjeld kravet om at kommunen skal ha utrekningsgrunnlag for direkte og indirekte kostnader, så er vår vurdering at kommunen treff omlag på samla kostnadsnivå frå år til år (sjølv om det har variert relativt mykje innanfor vatn dei siste åra, og ein har lege noko høgt på avløp). Kommunen vil ved hjelp av nytt verktøy kunne få eit betre grunnlag for å treffen på samla kostnadsnivå.

Gebyrstorleiken på vatn- og avløpsgebyr vert utarbeida frå år til år, i samband med budsjettsaka til kommunen. Dette tilfredsstiller ikkje krav i forskriften § 16-1 om overslag dei nærmaste 3-5 åra. Her opplyser kommunen om at dei vil få moglegheita til å lage prognosar for kostnader på området for fleire år framover ved hjelp av nytt verktøy, men dette er ikkje noko som det er blitt tatt stilling til endå. Den finansielle dekningsgraden som vi presenterte i tabell tidlegare i rapporten viser forholdsvis store variasjonar dei siste åra, og det indikerer etter vårt syn eit behov for betre verktøy for å kunne prognostisera gebyrgrunnlaget over tid.

Med omsyn til kapitalkostnader på investeringar, vert desse ført i investeringsrekneskapet, og desse vert vidare lagt inn i eigen anleggsmodul der kalkulatorisk rente vert utrekna. Hovudregelen for utrekning av sjølvkost ved investeringar er at kommunen ikkje skal ta med dei reelle kostnadene i

gebyrgrunnlaget, men kalkulatoriske kostnader. Bakgrunnen for dette er at gebyret ikkje skal bli påverka av finansieringsmåten kommunen vel. Vårt inntrykk er at kommunen har god kontroll på dette området.

Gebyrgrunnlaget skal vere slik at VA-gebyret over ein 3 til 5 års periode går i balanse, og at ein nyttar sjølvkostfondet for å utjamne dette. Kommunen har som vi har vore inne på tidlegare i rapporten hatt tilfelle av underdekning og overdekning på høvesvis vatn og avløp, og vi er vidare blitt fortalt at dette er noko kommunen har tatt tak i og at dei er i gong med å utjamne dekningsgraden. På vatn ser det ut til at dette fungerer etter hensikta. Årsgebyret har auka ein god del dei siste åra for å hente inn tapte inntekter, og i 2013 blei det satt inn midlar på sjølvkostfondet, etter at dette hadde gått i minus tidlegare år. Akkumulert skyld til sjølvkostområdet for 2010 og 2011 vart tilbakebetalt i 2012 og 2013.

På avløp har fondet bygd seg opp over fleire år, frå vel kr 0,9 mill. kr. i 2010 til kr 2,9 millionar i 2013. Etter vår vurdering tydar dette på at kommunen ikkje har gjort eit tilstrekkelig arbeid dei siste åra med å fastsetje grunnlaget for gebyrinntekter - samt planlegge korleis sjølvkostfondet skal reduserast.

Fondet har bygd seg opp over tid, og perioden ser ut til å overskride 3-5 år. Dette strider i mot generasjonsprinsippet som går ut på at brukarane berre skal betale for tenester dei sjølv har nytte av, og at dagens brukarar ikkje skal subsidiara bruk til andre. Retningslinjene (H-2140) seier at kommunen kan framføre eit overskot frå sjølvkosttenesta til eit seinare år - *innanfor eit 3-5 års perspektiv*.

Det kan tenkast at dette kunne blitt gjort på ein betre måte viss kommunen hadde laga eit overslag over kommunen sine antatte direkte og indirekte kostnader knytt til drifts-, vedlikehalds- og kapitalkostnader på avløpssektoren for dei nærmaste tre til fem åra, slik kravet er.

Kommunen har no tatt tak i dette, og i år vart årsgebyret på avløp redusert med om lag 30 % (når vi tar utgangspunkt i ein 125 kvm stor bustad).

#### Lokal gebyrforskrift

Reglar for utrekning av eingongsgebyr går fram av § 5:

- Grunnlaget for utrekning er storleiken på bygning BRA. Det kan krevjast auka tilknytingsgebyr ved stor forureining eller nettbelastning.
- Kommunen kan fastsetje avvikande eingongsgebyr for tilknyting dersom det blir ekstra høge eller låge kostnader ved etablering av tenesta.

Reglar for utrekning av årsgebyr går fram av § 6. Årsgebyret består av to delar. Eit abonnementsgebyr og eit forbruksgebyr:

- Abonnementsgebyret skal dekkje faste kostnader som kommunen har med å legge til rette for produksjon og transport av vatn og med å handsame og transportere kloakk. Dette er kostnader, uansett produsert mengd, altså kostnader som er knytt til tilrettelegging og forsyning av reink vatn og kostnader pga. tilrettelegging av frakt og handsaming av kloakkvatn. Abonnementsgebyret skal dekke dei forventa faste årsutgiftene knytt til vasstenester i kommunen.
- Forbruksgebyret skal dekkje kostnadene som kommunen har med sjølv vassproduksjonen. Det kan vere straumkostnader til pumper eller oppdimensjonering av leidningsnettet. Forbruksgebyr er anten er basert på målt vassforbruk eller stipulert vassforbruk.

Vi såg tidlegare i rapporten at kommunen per 2013 hadde ei tilnærma 50/ 50 fordeling mellom faste og variable kostnadar i årsgebyret når ein tok utgangspunkt i ein 125 kvadratmeter stor bueining. Vi har i tilknyting til denne revisjonen etterspurt svar på kva som ligg bak kommunen si inndeling, men kommunen har ikkje lukkast med å synleggjere korleis ein har kome fram til delinga mellom fast og variabel del. I tillegg veit vi at kommunen har fått klager retta mot seg frå innbyggjarar i kommunen, som meinar at kommunen har ein praksis der definisjonen av abonentar ser ut til å favorisere større verksemder.

I førre kapittel omtala vi sak for kommunestyret i 2010 om å endre definisjonar av abonnent for å sikre en meir hensiktsmessig fordeling av kostnader. Saken blei ikkje vedtatt, men det blei bestemt at det skulle setjast ned eit utval som skulle sjå nærmare på problemstillinga. Dette er fem år sida, og har endå ikkje gitt noko resultat. At utvalet ikkje har fylgt opp vedtaket i kommunestyret og ikkje har lukkast med å komme opp med eit svar er etter vår vurdering kritikkverdig. Mellom anna på grunn av at klagene som kommunen har mottatt indikerer eit reelt behov for betre definisjonar.

Etter vår vurdering har ikkje kommunen per dags dato tilstrekkelig med rutinar når det kjem til fastsettjing/ urekning av gebyr. Mykje av dagens praksis ser ut til å basera seg på forholdsvis gamle/ utdaterte rutinar og definisjonar som med fordel kunne ha blitt gjennomgått og revidert. Kommunen nyttar eksempelvis ein gebyrmodell frå 1975.

At kommunen ikkje har tilstrekkelig oversikt over kva som ligg bak den fordelinga og definisjonane som kommunen nyttar, kan utgjere ein risiko for at det ikkje er rimeleg samsvar mellom gebyrnivå og reelt forbruk. Det er slik sett grunn til å stille spørsmål ved om Etne sin praksis ved utrekning av gebyrgrunnlag er i samsvar med forskriftskrav om at forbruket i størst mogleg grad skal tilsvarer reelt forbruk.

## 5.2 Fakturering

Vi har vurdert kommunen sine rutinar for betaling og fakturering opp mot følgjande krav i lokal forskrift om vass- og avlaupsgebyr § 11:

- Kommunen skal sende faktura for eingongsgebyr samstundes med igangsettingsløye (byggeløye) vert gitt eller når eksisterande bygg bli tilknytt kommunal leidning.
- Abonnementsgebyr og forbruksgebyr (dvs årsgebyret) vert kravd inn på felles faktura og skal fordelast over 2 terminar pr. år.
- Gebyr for mellombels tilknyting og tilleggsgebyr vert fakturert særskilt.
- Avlesing av målt vassforbruk skjer ein gong årleg.

Vår vurdering er at kommunen i stor grad ser ut til å ha gode rutinar når det kjem til fakturering. Vi har også sett døme på faktura, både for målt og stipulert forbruk, og ser at tala stemmer overens med dei som vi har sett gjeld for kommunen. Vi har også sett skriv som vert sendt ut til dei med vassmålar med påminning om målaravlesing. Vidare forstår vi det slik at kommunen sitt nye system - KomTek - vil kunne bidra til at det går endå meir automatikk i faktureringa enn tidlegare, og at ein er i større grad sikrar at abonnentane vert fanga opp. Som fylgje av implementering av det nye systemet er også ei ny intern rutine knytt til fakturering under utarbeidning. Det vurderar vi som positivt.

Det einaste avviket vi har avdekkja er at det i kommunen si lokale forskrift står at årsgebyret skal verta krevd inn på felles faktura og fordelast over 2 terminar pr. år. Praksis i kommunen er noko annleis då det i realiteten vert sendt ut faktura kvartalsvis. Dette vart sett i gong frå og meg 2013 - og vart vedtatt i kommunestyrevedtak for budsjett 2013.

## 5.3 Rapportering

Vi har vurdert kommunen sine rutinar for rapportering opp mot følgjande krav:

- Kommuneloven og kommunal regnskapsstandard nr 6

Kommuneloven § 48 om Årsregnskapet og årsberetningen fastsetter i nr 2 at "Årsregnskapet skal føres i overensstemmelse med god kommunal regnskapsskikk."

I kommunal regnskapsstandard (GKRS) nr 6 Noter og årsberetning, 3.2.2 Øvrige noter i henhold til god kommunal regnskapsskikk og nr 12 står det at årsrekneskapen skal:

*"Opplyse om (vise) beregningen av gebyrfinansierte selvkosttjenester der kommunen fastsetter betalingen etter lov og forskrift herunder resultatet av selvostberegningen gjerne over flere år. Beregningen kan for eksempel inneholde oversikt over direkte kostnader, indirekte kostnader, netto kapitalkostnader og overskudd. Eksempler på tjenester vil kunne være vann, avløp, renovasjon osv."*

- Kommunal- og regionaldepartementet sine "Retningslinjer for beregning av selvost for kommunale betalingstjenester" (H-2140) fra 2003, krev at kommunen må:

*"foreta en etterkalkulasjon (etterkalkyle) av de reelle kostnadene innenfor de aktuelle tjenesteområdene. Dette må gjøres for å føre kontroll med at gebyrinntektene ikke overstiger kommunens selvost."*

Formålet med slik rapportering er at det skal kunne verta etterprøvd at kommunen har rekna ut gebyret riktig, og vise at gebyrinntektene ikkje overstig kommunen sine kostnadar (over ein periode). Etter vår vurdering ser praksis i kommunen ut til å vere i samsvar med krava. Drift og vedlikehald sender månadlege rapportar til rådmannen med status, samt tertialvise rapportar (inkludert årsrapport) til politisk handsaming. Og i årsrekneskapen framlegger kommunen sjølvkostberekinga i note. Denne berekninga viser kor mykje kommunen har hatt i inntekter og utgifter på høvesvis vatn og avløp - og vidare kor mykje kommunen har satt av til fond eventuelt tatt frå fond (sjå vedlegg 2).

Det vi ynskjer å peike på her, og som vi har vore inne på tidlegare, er at gebyra på avløp har lagt for høgt ein periode, og at kommunen fylgleg har plassert midlar på fond. Dette kjem tydeleg fram i rekneskapen som kommunen har framlagt. Formålet med etterkalkulasjonen er som nemnt å føre kontroll med at gebyrinntektene ikkje overstiger kommunens sjølvkost. Gebyrinntektene på avløp har vore større enn utgiftene over tre år på rad, og det vil antakelig ta meir enn 3-5 år å redusere sjølvkostfondet. Vi stiller på bakgrunn av dette spørsmål ved om kommunen sin kontroll har vore god nok.

## 6 Oppsummering og tilrådingar

I denne rapporten har vi sett på sjølvkostområda vatn og avlaup i Etne kommune. VA-området er underlagt eininga "Drift og vedlikehald", og det er dei som har ansvaret for at vassforsyning og avløp i kommunen fungerer etter hensikta. VA-området er sjølvkostfinansiert - det vil sei at det er innbyggjarane i kommunen som nyttar seg av tenesta som sjølv må betale for kostnadane kommunen har på høvesvis vass- og avløpssektoren.

Drift og vedlikehald samarbeidet tett med økonomikontoret i kommunen når sjølvkostgebyret skal utrekna. Her nyttar kommunen eit rekneark i tillegg til sentrale retningslinjer og lokale føringar. Dei opererer med eit tilkoplingsgebyr, som vert sendt ut samstundes med igangsettingsløyve (byggeløyve) eller når eksisterande bygg bli tilknytt kommunal leidning. I tillegg betalar alle abonnentar eit årsgebyr som består av ein fast del og ein variabel del. Den faste delen (abonnementsgesbyret) er lik for alle, og skal dekke kommunen sine fastkostnadar som er upåverka av produsert mengd. Den variable delen (forbruksgebyret) skal dekkje kostnadene som kommunen har med sjølv vassproduksjonen.

Samanlikna med andre kommunar så ser vi at kommunen skil seg ut med eit høgt stipulert årsgebyr på vatn. Gebyret er 60 % høgare enn kommunen som ligg nest høgst. På avløp ligg kommunen om lag på snittet. I tillegg ser vi at kommunen har ei tilnærma 50/50 fordeling av fast og variabel del i årsgebyret når vi tar utgangspunkt i ein 125 kvm stor bustad. Dette er likt som fleire av dei andre kommunane vi har samanlikna kommunen med. Årsaka til at gebyret på vatn er så høgt som det er skuldast at det er krevjande å til tilfredsstille vassforsyning i kommunen mellom anna pga lekkasjar og at kommunen består av små vassverk.

Gebyra i kommunen har auka dei siste åra, det gjeld særleg på vatn. Dette skuldast primært behov for å ta igjen for låge gebrysatsar over nokre år. På avløp har gebyra i nokre år vore for høge, og kommunen har sett av ein del midlar på fond. På grunn av dette valte kommunen å redusere gebyret på avløp i 2014 med om lag 30 %.

Kommunen fekk i 2012 på plass ein hovudplan for vassforsyning som inneheld ei rekke med tiltak som skal utførast i kommunen. Det er anslått at tiltak vil koste om lag 13,5 millionar kroner. Kommunen har tatt opp lån for å finansiere tiltaka, men på sikt er det tenkt at dette skal finansierast med sjølvkost, og det er derfor forventa at gebyra vil auke. På avløp har kommunen planlagt å få ein tilsvarende hovudplan, men det er ikkje bestemt når dette skal skje. Og på grunn av det ikkje er planlagt nokre større investeringar på avløp i nærmeste framtid, er det heller ikkje planlagt noko auke av avløpsgebyra.

Etter å ha gjennomgått kommunen sin praksis og rutinar i kommunen knytt til høvesvis utrekning av gebyr, innkrevjing av gebyr (fakturering) og rapportering, kan vi først sei at kommunen har fleire etablerte rutinar på plass og mykje ser ut til å fungere godt - dette gjeld særleg på fakturering og rapportering. Det i hovudsak til funn knytt til utrekning av gebyr vi har flest kommentarar i rapporten.

Fram til i år har kommunen lenge nyttat eit rekneark til fastsetjinga av gebyrstørleikar. Dette verktøyet har hatt nokre avgrensingar. Kommunen har mellom anna ikkje hatt moglegheit til å lage eit overslag over kommunen sine antatte direkte og indirekte kostnader knytt til drifts-, vedlikehalds- og kapitalkostnader på vatn- og avløpssektoren for dei nærmaste tre til fem åra, slik som kravet er.

Kommunen har gått til innkjøp av to nye program. Det eine er eit eigedomsregister (KomTek-modul) som vert vurdert som eit stort framsteg for kommunen. Register skal kunne gi eit langt betre grunnlag for identifisering av abonnentar. Systemet skal også nyttast til fakturering og vil gjere framgangsmåten mindre manuell.

Det andre programmet er eit rekneark som vil gi kommunen eit langt betre grunnlag for utrekning av reelt gebyrbehov. Dette gjeld særleg dei indirekte kostnadene, der kommunen ikkje har hatt gode nok utrekningar tidlegare. Reknearket kan og gi eit betre verktøy til å lage prognosar for kostnader på området for fleire år framover, men det er så langt ikkje tatt stilling til korleis ein skal nytte seg av reknearket i tida framover.

Det kan mellom anna tenkast at sjølvkostfondet på avløp hadde utvikla seg annleis dersom kommunen hadde hatt moglegheita til å lage eit overslag over kommunen sine antatte kostnadar for tre til fem åra. Fondet har bygd seg opp over tid, og perioden ser ut til å overskride 3-5 år. Dette strider i mot generasjonsprinsippet som går ut på at brukarane berre skal betale for tenester dei sjølv har nytte av, og at dagens brukarar ikkje skal subsidiera bruk til andre.

Etter vår vurdering har ikkje kommunen per dags dato tilstrekkelig med rutinar når det kjem til fastsettjing/ urekning av gebyr. Mykje av dagens praksis ser ut til å basera seg på rutinar og definisjonar som med fordel kunne ha blitt gjennomgått og revidert. Vi etterspurte mellom anna svar på kva som ligg bak kommunen sitt årsgebyr, men kommunen har ikkje lukkast med å synleggjere korleis ein har kome fram til delinga mellom fast og variabel del.

I 2010 bestemte kommunestyret at det skulle setjast ned eit utval som skulle sjå nærmare på definisjon av abonnentar som er pliktige til å betale gebyr. Dette for å sikre ein meir hensiktsmessig fordeling av kostnader. Vi veit at kommunen i denne samanheng har fått klager retta mot seg frå innbyggjarar i kommunen, som meinar at kommunen har ein praksis der definisjonen av abonnentar ser ut til å favorisere større verksemder. Utvalet har etter 5 år endå ikkje kome opp med eit svar, og det er etter vårt syn kritikkverdig.

Basert på KPMG sine funn i datainnsamling og påfylgjande vurderingar ynskjer vi presentere nokre tilrådingar:

- Vi tilrår at kommunen innfører eit overslag over kostnader for 3-5 år, slik at dette samsvarer med krav i forskrift. Kommunen har gått til innkjøp av eit rekneark som ein kan nytte for å lage prognosar for fleire år framover, og vi tilrår at kommunen nyttar seg av denne moglegheita, ev. finn andre måtar å løyse det på.
- Vidare vil vi tilrå kommune å vurdere om praksis knytt til utrekning av gebyr gir eit tilstrekkeleg samsvar mellom forbruk og betaling for den einskilde brukar. Dette kan til dømes takast inn som særskilt problemstilling i pågående arbeidsgruppe som skal vurdere behov for endringar i lokal gebyrforskrift.
- Vi tilrår og at kommunen vurderer behovet for å utarbeide eksplisitte retningslinjer for utrekning av gebyr, som er tilpassa kommunen, og som vert nytta som eit tilegg til reknearket og sentrale retningslinjer.
- Kommunen bør etter vår vurdering utarbeide meir langsiktige vurderingar av behov for investeringar og vedlikehald innanfor avløp, slik ein har gjort for vatn. Slike utgreiingar er nyttige grunnlagsmateriale i arbeidet med å prognosar/overslag over kostnader i 3-5 års perspektiv, jf. det fyrste punktet.
- Vår siste tilråding er at kommunen ser til at overskot på sjølvkostfond vert nytta innan ein 3-5 års periode. Kommunen sine inntekter *skal* over tid ikkje overstige dei reelle kostnadene ved tenesta, og kommunen har for tida eit sjølvkostfond på avløp som har stege over fleire år.

## 7 Uttale frå rådmannen

"Rådmannen ser at dokumentasjon av utrekningar og prognosar framover kan gjerast betre. Prognosane har implisitt lege i Økonomiplan, men det er ikkje tatt høgde for endringar på grunn av investeringar. Innkjøp av ny modell for utrekning av sjølvkost vil no sikre betre dokumentasjon og betre prognosar. Rådmannen vil legge fram prognosar ved handsaming av budsjett og takstar for 2015, jf. tilråding nr. 1.

Det er i rapporten peika på at KPMG har etterspurt kva som ligg bak 50/50-delingsa mellom faste og variable kostnader, utan at kommunen har synleggjort kva som ligg bak. Distinksjonen mellom faste og variable kostnader kan vere vanskeleg, og er etter Rådmannen sitt syn ope for tolking. I utgangspunktet er det berre kapitalkostnader som kjem uavhengig av «mengde produksjon» (tolking 1). Viss kommunen ein dag slutter å leverere vatn så vil infrastrukturen framleis ligge der og bidra med kapitalkostnader. I praksis er likevel dei fleste kostnadene faste, t.d. lønn (tolking 2). Med tolking 1 vil fastdelen per i dag utgjere betydeleg mindre enn 50 %, medan med tolking 2 vil dei faste kostnadene overstige 50 %. T.d. i ein prognose for 2014 utgjer kapitalkostnader om lag 20 % og direkte lønn 45% av dei totale kostnadene på sjølvkostområdet. Det ligg til kommunen sjølve å bestemme skilje mellom kva som er fast og kva som er variabelt. Dette er ikkje gjort eksplisitt i gjeldande lokale forskrift om vass og kloakkgebyr, slik at det ligg eit element av skjønn her ved utrekning av forslag til gebyr. Det har gjennom mange år vore praktisert ei deling med ca. 50 % fast og 50 % variabelt (same prosentpåslaget for fast og variabel del). Praksisen er akseptert av Kommunestyret ved godkjenning av takstane, og praksisen har difor blitt vidareført. Med bakgrunn i det handlingsrommet som ligg der i dag, og dei relativt store utsлага ulike tolkingar kan gje for den einskilde abonnent, vil Rådmannen likevel støtte opp om tilrådinga i pkt. 2 og 3.

Rådmannen er klar over at kommunen ikkje har klart å nytte fondsavsetningane innafor eit perspektiv på 3-5 år. I rapporten kjem det ikkje fram at dette delvis skuldast at kommunen har hatt til dels mykje vakante stillingar innan VA dei siste åra. Ei anna forklaring er at tilknytingsavgiftene har vore budsjettert mykje lågare enn dei reelle inntektene. Slike svingingar er utfordrande når ein skal berekne utgiftsgrunnlaget. Det er forsøkt å ta høgde for at det er mykje midlar på fond inneverande år, og dette vil bli vidareført i åra som kjem. I den nye utrekningsmodellen vil fondsavsetningar ligge aldersfordelte slik det vert enklare å følgje opp at dei vert nytta innafor ein 5 årsperiode, jf. tilråding nr. 5."

# **Vedlegg 1 Forskrift om vass- og avløpsgebyr**

Sjå neste side.

# FORSKRIFT OM VASS- OG AVLAUPSGEBYR I ETNE KOMMUNE

vedtatt i kommunestyret den ..... 2007 i medhald av lov om kommunale vass- og kloakkavgifter §3 og forskrift om kommunale vass- og avlaupsgebyr av 10. januar 1995, sist endra 13. juli 2000.

## I. GENERELLE FØRESEGNER

Abonnentane i kommunen betalar for vass- og avlaupstenester levert av kommunen. Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter og av lokale reglement, føresegner, regulativ og deklarasjonar. Dei viktigaste dokumenta er lista nedanfor:

1. Lov av 31. mai 1974 nr.17 om kommunale vass- og kloakkavgifter
2. Forskrift av 10. januar 1995 nr. 70 om kommunale vass- og avlaupsgebyr, sist endra 13. juli 2000
3. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Etne kommune (dette dokumentet)
4. Andre dokument
  - Gebyrregulativ for vatn og avlaup
  - Gjeldande Normalreglement for sanitæreranlegg (Tekniske og administrative avgjerder), samt føresegner om vassmålarar.
  -

## §1 FØREMÅLET MED FORSKRIFTA

Forskrifta bestemmer utrekning og innbetaling av dei gebyra abonnentane skal betale for dei vass- og avlaupstenestene kommunen leverer.

## § 2 VERKEOMRÅDET FOR FORSKRIFTA

Forskrifta gjeld alle abonnentane i kommunen, sjå definisjon i § 3.

## § 3 DEFINISJONAR

- *Abonnent:*
  - Eigar/festar av eigedom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer, eller eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), som er tilknytt kommunal vass- og eller avlaupsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning.  
Det same gjeld festar av eigedom der festeavtalen ikkje er registrert i grunnboka (tinglyst), men der festaren eig dei bygningane som er plassert på tomta, og bruker festerett slik det går fram av lov om tomtefeste.  
For festeavtalar med kort festetid (feste til anna enn bustad og fritidsbustad) kan det vere avtalt at ein annan enn festaren skal vere abonnent.

- Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av §§ 65, 66 og 92 i Plan og bygningslova har kravd tilknytt communal vass- og avlaupsleidning.
  - Ved leige er grunneigar abonnent.
  - Der bustad og næring er knytt til felles gnr/bnr skal dei kvar for seg utgjera eit eige abonnement.
- 
- ***Abonnementsgebyr:***  
Den faste delen av årsgebyret, som skal dekke dei faste utgiftene til kommunen for vass- og/eller avlaupstenester.
  - ***Bruksareal (BRA) etter NS 3940 (forenkla):***  
Forenkla kan ein seie at bruksareal omfattar:
    - Arealet innanfor dei omslutta veggane i bustaden og
    - Del av fellesareal som høyrer til bustaden, men som ligg utanfor dei omslutta veggane i bustaden.  
For detaljar, sjå NS 3940.
  - ***Bruksendring:***  
Med endring i bruken av eigedommen meiner ein her endring mellom ulike kategoriar, som for eksempel bustad, fritidsbustad/hytte og nærings-/offentleg verksemd.
  - ***Eingangsgebyr for tilknyting:***  
Eingangsgebyr for etablering av abonnement på vass- og/eller avlaupstenester.
  - ***Felles privat stikkleidning:***  
Privat leidning eigd i fellesskap av abonnentar som er tilknytt det kommunale leidningsnettet via den felles private stikkleidning.
  - ***Forbruksgebyr:***  
Den variable delen av årsgebyret som blir betalt etter forbruk (målt eller stipulert).
  - ***Fritidsbustad/hytte:***  
Fast eigedom med bygning(ar) regulert/godkjend til fritidsbustad/hytte med innlagt vatn.
  - ***Gebyrregulativet:***  
Gebyrregulativet er namnet på den gjeldande prisoversikta for vass- og avlaupsgebyr i kommunen. Satsane i gebyrregulativet blir oppdatert årleg gjennom vedtak i kommunestyret.
  - ***Næringsverksemd:***
  - ***Ervervmessig verksemd:***
  - ***Offentleg verksemd:***  
Verksemd driven av stat, fylkeskommune eller kommune.
  - ***Stipulert forbruk:***  
Stipulert forbruk er forventa forbruk hos ein abonnent fastsett på basis av bygningsarealet.

- **RETTAR OG PLIKTER:**  
Abonnenten har krav på:
  - vassforsyning heile døgnet med tilstrekkeleg mengde av god kvalitet i samsvar med gjeldande lovverk, samt vasstrykk på mellom 2 og 8 bar ved uttak frå kommunal vassledning.
  - sikker bortleding og rensing av avlaupsvatn heile døgnet i samsvar med gjeldande lovverk og som ikkje skapar lukt eller hygieniske problem på abonnenten sin eigedom.
- reduksjon i vass- og avlaupsgebyret dersom tenestene ikkje er tilfredsstilande med omsyn til lovpålagt/avtalt kvalitet, mengde eller trykk.

*Abonnenten pliktar å:*

- betale vass- og avlaupsgebyr i den storleik og til den tid som kommunen bestemmer.
- innrette seg etter kommunens Tekniske og Administrative avgjerder.

*Kommunen har krav på å:*

- få dekka alle kostnader knytt til vass- og avlaupstenestene som kjem fram av gebygrunnlaget.
- kunna vedta og endre avgjerder, reglement, løyve og liknande for å ivareta sin funksjon som tenesteleverandør på ein god måte.

*Kommunen pliktar å:*

- levere vass- og avlaupstenester i samsvar med gjeldande lovverk og i den utstrekning som er nødvendig for både abonnenten og fellesskapet, informera om innhald i og endringar i vass- og avlaupstenestene, som er viktig for abonnentane.

- **Årsgebyr:**

Det samla gebyr som blir betalt årleg av abonnentar for å ha tilgang til vass- og/eller avlaupstenestene i kommunen. Årsgebyret er samansett av abonnementsgesbyr og forbruksgesbyr.

## II. VASS- OG AVLAUPSGEBYR

### § 4 GEBYRTYPAR

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vass- og avlaupstenester:

- Eingongsgebyr for tilknyting
- Årsgebyr (abonnementsgesbyr og forbruksgesbyr)
- Gebyr for leige av vassmålar
- Gebyr for mellombels tilknyting

### § 5 EINGONGSGEBYR FOR TILKNYTING

Lov om kommunale vass- og avlaupstenester krev at det blir betalt eingongsgebyr for tilknyting til vass- og/eller avlaupstenester.

Eingongsgebyret blir betalt for eigedom der det står bygg, eller ved førstegongsoppføring av bygg på eigedom, som blir tilknytt offentleg vass- og/eller avlaupsnett.

Grunnlaget for utrekning er storleiken på bygning BRA. Det kan krevjast auka tilknytingsgebyr ved stor forureining eller nettbelastning.

Storleiken på gebyret blir fastsett årleg av kommunestyret og går fram av Gebyrregulativet.

Kommunen kan fastsetje avvikande eingongsgebyr for tilknyting dersom det blir ekstra høge eller låge kostnader ved etablering av tenesta.

## § 6 ÅRSGEBYR

Årsgebyret for både vass- og avlaupstenester betalast av alle abonnentar og er samansett av to delar:

- abonnementsgebyr
- forbruksgebyr (stipulert forbruk eller målt forbruk)

Abonnementsgebyr for kommunale vasstenester skal dekkje dei forventa faste årsutgiftene knytt til vasstenester i kommunen. Resten blir dekt gjennom forbruksgebyret.

Arsgebyret skal reknast frå og med månaden etter at eigedommen er tilknytt kommunalt leidningsnett.

Storleiken på abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir fastsett årleg av kommunestyret og går fram av Gebyrregulativet.

### ABONNEMENTSGEBYR

Abonnementsgebyr blir differensiert etter brukarkategori..

- Abonnementsgebyr for næring  
Betalast av næringseigedommar, offentlege verksemder og burettslag  
Berekningsgrunnlaget basert på areal, nettbelastning og forureining.
- Abonnementsgebyr for bustad.
- Betalast av andre abonnentar

### FORBRUKSGEBYR

Næringseigedommar og offentlege verksemder betaler forbruksgebyr basert på målt eller stipulert vassforbruk og pris pr. m<sup>3</sup>. Bruksareal reknast etter NS 3940.

Fritids/hytteabonnentar betaler anten etter målt vassforbruk og pris pr. m<sup>3</sup> eller som ein del av stipulert forbruk basert på utrekning av bruksareal i samsvar med NS 3940 og pris pr. m<sup>3</sup>. Andelen, som vil variera etter forventa brukstid, og omregningsfaktor for stipulert forbruk [m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>] er definert i Gebyrregulativet.

Andre abonnentar betaler etter målt vassforbruk og pris pr. m<sup>3</sup>, evt. etter stipulert forbruk basert på utrekning av bruksareal i samsvar med NS 3940 og pris pr. m<sup>3</sup>. Omregningsfaktor for stipulert forbruk [m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>] er definert Gebyrregulativet.

For alle abonnentar gjeld at avlaupsmengd blir rekna lik vassmengda, sjå likevel § 8.

Om forskrifta ikkje krev installering av vassmålar kan både kommunen og abonnenten krevje at forbruksgebyret blir fastsett ut frå målt forbruk.

## § 7 LEIGE AV VASSMÅLAR

For installasjon, bruk og leige av vassmålar gjeld vedtekten i kommunen.

Kostnader for installasjon, drift, avlesing m.m. betalast av abonnenten. Pris for leige av vassmålar går fram av Gebyrregulativet.

## § 8 AVVIK I ÅRSGEBYRET

Dersom avlaupsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avlaup bli basert på målt eller stipulert/utrekna avlaupsmengd (utslepp).

For næringsverksemd og offentleg verksemd der samansetjinga av avlaupsvatnet skil seg ut frå vanleg hushaldsavlaup og verkar anten fordyrande eller innsparande på drift og vedlikehald av avlaupsanlegget i kommunen, kan ein rekne ut eit påslag/frådrag i forbruksgebyret for avlaup basert på dei forventa ekstrautgiftene/innsparingane.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avlaup gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra. Tihøve som gir grunnlag for reduksjon i gebyra går fram av i kommunens leveringsvilkår.

## § 9 MELLOMBELS TILKNYTING

Med mellombels tilknyting meiner ein bygg/anlegg som har innlagt vatn, men kor bygget/anlegget ikkje er i permanent bruk, og/eller berre skal brukast i ein avgrensa periode. Eit eksempel på slikt anlegg er anleggsbrakker.

Eigar/festar av eigedommen skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, med avrekning i samsvar med den tida tilknytinga er operativ.

Ein skal ikkje betale eingongsgebyr for tilknyting, men alle kostnader ved tilknyting og fråkopling blir belasta eigar/brukar av eigedommen.

Mellombels tilknyting gjeld for opp til eitt år, med høve til å søkje om vidareføring. Elles gjeld *Tekniske og administrative avgjelder* i kommunen, jfr. *Generelle føresegner*.

## § 10 PÅLEGG OM UTBETRING

Kommunen kan gje abonnenten eit pålegg om utbetring av eigne avlaupsanlegg innan ein gjeven frist, jfr. Forureiningslova § 7. Etter Forureiningslova § 73 kan ein gje forureiningsgebyr om forholdet ikkje er utbetra når fristen har gått ut. Om den ansvarlege ikkje etterkjem pålegget kan kommunen sørge for iverksetjing av tiltaka, jfr. Forureiningslova § 74.

Kommunen kan oppmode abonnenten å utbetre eigne drikkevassanlegg innan ein tidfesta frist som grunnlag for å fastsetje vassforbruket. Om tilhøvet ikkje er utbetra når fristen har gått ut, vert det årlege forbruket stipulert

## § 11 INNBETALING AV GEBYR

Abonnenten er ansvarleg for betaling av gebyra.

Kommunen sender faktura for eingongsgebyr for tilknyting til abonnenten samstundes som igangsettelsløyve (byggeløyve) blir gitt eller når eksisterande bygg blir tilknytt kommunal leidning. Eingongsgebyret må vere innbetalt ved tilknyting skjer eller 30 dagar etter mottatt faktura.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir kravd inn på felles faktura og blir fordelt over 2 terminar pr. år.

Gebyr for mellombels tilknyting og tilleggsgebyr blir fakturert særskilt.

Avlesing av målt vassforbruk blir gjort ein gong i året. Forbruksgebyret blir betalt à konto fordelt over 2 terminar basert på forbruket for fjaråret. Avrekning skjer i hovudsak på 1. termin (faktura) året etter.

Dersom vassforbruket til abonnenten har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre à konto beløpet. Abonnenten skal varslast før slik endring vert gjort.

Etter søknad kan kommunen gje fritak for årsgebyret når gebyrpliktig eigedom fysisk blir kopla frå kommunen sitt leidningsnett. Ved innvilga søknad om fritak opphører abonnementet når melding om at anboringspunktet er plombert er motteke. Ny tilknyting av eigedommen krev ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknyting. Kostnader ved fråkopling og ny tilknyting kostast fullt ut av abonnenten. Arbeidet skal utførast etter tilvising frå kommunen.

## III. AVSLUTTANDE FØRESEGNER

### § 12 INNKREVJING AV GEBYR

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter "Lov om pant" § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

### § 13 VEDTAKSMAKT

Vedtak etter denne forskriften blir fattat av rådmannen etter delegert fullmakt.

## § 14 KLAGE

Avgjersle etter forskrifa som er ein skildvedtak følgjer kap. IV-VI i forvaltningslova, og kan påklagast. Klagen blir send til den instansen som har fatta vedtaket.

Vedtak om gebyras storleik er forskrift og vedtas av kommunestyret, jfr. kap. VII i Forvaltningslova. Dette er ikkje enkeltvedtak og kan ikkje påklagast.

## § 15 IVERKSETJING

Forskrifta trer i kraft .....(dato som kommunestyret bestemmer når tilhøva er lagde til rette for iverksetjing av forskrifa).

Etne den 02.03.2007

Kim Mortensen.  
Prosjektleiar.

## Vedlegg 2 Oppstilling sjølvkostutrekning

Note 11 - Sjølvkostbereking Vatn (T.3400-3450)					
	2009	2010	2011	2012	2013
Gebyrinntekter (16400)	-1 052 166	-1 209 507	-1 362 974	-2 312 639	-3 079 584
Tilkobling (16401)	-203 898	13 965	-187 784	-213 901	-357 918
Overføring fra IKS					0
<b>Sum inntekter</b>	<b>-1 256 064</b>	<b>-1 195 542</b>	<b>-1 550 758</b>	<b>-2 526 540</b>	<b>-3 437 502</b>
Driftskostnader (Art 010-429)	1 211 142	1 605 682	1 678 776	1 538 654	2 105 609
Refusjonar + mva (700-729)	-4 389	-4 469	-48 713	-46 655	-150 623
Driftskostnader (Art 010-429 - 700-729)	1 206 753	1 601 213	1 630 063	1 491 999	1 954 986
Kapitalkostnader	292 390	356 875	361 821	428 089	401 517
<b>Sum kostnader</b>	<b>1 499 143</b>	<b>1 958 088</b>	<b>1 991 884</b>	<b>1 920 088</b>	<b>2 356 503</b>
<b>Finansiell dekningsgrad i kr</b>	<b>243 079</b>	<b>762 546</b>	<b>441 126</b>	<b>-606 452</b>	<b>-1 080 999</b>
<b>Finansiell dekningsgrad</b>	<b>0,84</b>	<b>0,61</b>	<b>0,78</b>	<b>1,32</b>	<b>1,46</b>
Bruk av fond (940 + 950)	-312 554	-805 998	-850 644	-2 330 721	-847 906
Sett av til fond (540+550)	65 088	800 567	850 644	2 325 310	1 415 882
Netto fondsbruk	-247 466	-5 431	0	-5 411	567 976
<b>Sjølvkostgrad i kr</b>	<b>-4 387</b>	<b>757 115</b>	<b>441 126</b>	<b>-611 863</b>	<b>-513 023</b>
<b>Sjølvkostgrad</b>	<b>1,00</b>	<b>0,61</b>	<b>0,78</b>	<b>1,32</b>	<b>1,18</b>

Note 12 - Sjølvkostbereking Avlaup (T.3500)					
	2009	2010	2011	2012	2013
Gebyrinntekter (16400)	-2 154 308	-2 323 434	-2 606 074	-2 789 972	-3 128 406
Tilkobling (16401)	-302 067	171 110	-217 735	-346 180	-453 726
Overføring fra IKS					0
<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 456 375</b>	<b>-2 152 324</b>	<b>-2 823 809</b>	<b>-3 136 152</b>	<b>-3 582 132</b>
Driftskostnader (Art 010-429)	1 500 857	1 588 998	1 526 445	1 653 279	1 810 639
Refusjonar + mva (700-729)	-6 680	-5 043	-43 232	-42 435	-104 465
Driftskostnader (Art 010-429 - 700-729)	1 494 177	1 583 955	1 483 213	1 610 844	1 706 174
Kapitalkostnader	1 126 599	1 113 837	1 030 701	720 554	697 864
<b>Sum kostnader</b>	<b>2 620 776</b>	<b>2 697 792</b>	<b>2 513 914</b>	<b>2 331 398</b>	<b>2 404 038</b>
<b>Finansiell dekningsgrad i kr</b>	<b>164 401</b>	<b>545 468</b>	<b>-309 895</b>	<b>-804 754</b>	<b>-1 178 094</b>
<b>Finansiell dekningsgrad</b>	<b>0,94</b>	<b>0,80</b>	<b>-1,12</b>	<b>1,35</b>	<b>1,49</b>
Bruk av fond (940 + 950)	-547 979	-549 705	-74 318	-6 736	-3 643
Sett av til fond (540+550)	207 424	0	384 810	813 192	1 160 166
Netto fondsbruk	-340 555	-549 705	310 492	806 456	1 156 523
<b>Sjølvkostgrad i kr</b>	<b>-176 154</b>	<b>-4 237</b>	<b>597</b>	<b>1 702</b>	<b>-21 571</b>
<b>Sjølvkostgrad</b>	<b>1,08</b>	<b>1,00</b>	<b>1,00</b>	<b>1,00</b>	<b>1,01</b>

Note 15 - Oversikt sjølvkostfond (UB)						
Årt	Namn	2009	2010	2011	2012	2013
2519940	Fond vassforsyning, sjølvkost	631 842	0 *	0 *	0 *	567 886
2519941	Fond kloakk, sjølvkost	1 913 284	924 786	1 232 110	1 789 136	2 945 659
2519942	Fond renovasjon, sjølvkost	3 976	0 **	257 227	65 067	0 ***
2519943	Fond septik, sjølvkost	292 061	757 477	504 542	889 364	694 521

## Vedlegg 3 KOSTRA-tal

Tabell 5: Årsgebyret til Etne og samanliknbare kommunar på vatn. Tal frå KOSTRA for 2010-2014  
(u/ MVA)

		Stipulert årsgebyr	Gebrysats ved målt forbruk (kr/m <sup>3</sup> )	Fastledd ved todelt gebyrordning	Fastledd som andel av stipulert årsgebyr
<b>Etne</b>	2011	1272	3,71	-	-
	2012	4434	6,31	2162	49 %
	2013	5763	8,2	2811	49 %
	2014	5886	8,2	2811	48 %
<b>Sveio</b>	2011	2138	8,8	1069	50 %
	2012	2222	9,2	1111	50 %
	2013	2320	9,6	1160	50 %
	2014	2320	9,6	1160	50 %
<b>Sauda</b>	2011	3051	11,56	739	24 %
	2012	3356	12,72	812	24 %
	2013	3490	13,22	846	24 %
	2014	3630	13,75	880	24 %
<b>Vaksdal</b>	2011	2777	7,84	1648	59 %
	2012	2778	7,85	1648	59 %
	2013	2778	7,85	1648	59 %
	2014	2778	7,85	1648	59 %
<b>Vindafjord</b>	2011	2057	5,8	1042	51 %
	2012	2162	6,1	1094	51 %
	2013	2162	6,1	1094	51 %
	2014	2259	6,45	1130	50 %
<b>Odda</b>	2011	2618	15,2	422	16 %
	2012	2876	16,7	464	16 %
	2013	3306	19,2	535	16 %
	2014	3509	20,4	566	16 %

Tabell 6: Årsgebyret til Etne og samanliknbare kommunar på avløp. Tal frå KOSTRA for 2010-2014  
(u/ MVA)

		Stipulert årsgebyr	Gebrysats ved målt forbruk (kr/m <sup>3</sup> )	Fastledd ved todelt gebyrordning	Fastledd som andel av stipulert årsgebyr
<b>Etne</b>	2011	1428	3,95		
	2012	2993	4,15	1499	50 %
	2013	3294	4,57	1649	50 %
	2014	2354	3,2	1154	49 %
<b>Sveio</b>	2011	2848	12	1424	50 %
	2012	2960	12,4	1480	50 %
	2013	2960	12,4	1480	50 %
	2014	2960	12,4	1480	50 %
<b>Sauda</b>	2011	2492	8,59	774	31 %
	2012	2492	8,59	774	31 %
	2013	2492	8,59	774	31 %
	2014	2592	8,93	805	31 %
<b>Vaksdal</b>	2011	2036	6,8	1057	52 %
	2012	2036	6,8	1057	52 %
	2013	2036	6,8	1057	52 %
	2014	2239	7,48	1162	52 %
<b>Vindafjord</b>	2011	3233	9,25	1614	50 %
	2012	3300	9,45	1646	50 %
	2013	3300	9,45	1646	50 %
	2014	3238	9,25	1619	50 %
<b>Odda</b>	2011	2570	14,75	434	17 %
	2012	2959	17	499	17 %
	2013	3406	19,6	574	17 %
	2014	3751	21,6	631	17 %

**Kontakt oss:**

**Willy Hauge**  
**Partner**  
T +47 4063 9663  
E [willy.hauge@kpmg.no](mailto:willy.hauge@kpmg.no)

**Øivind Hauge Støle**  
**Prosjektleiar**  
T +47 4063 9906  
E [ovind.hauge.stole@kpmg.no](mailto:ovind.hauge.stole@kpmg.no)

[kpmg.no](http://kpmg.no)

© 2014 KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavour to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.

The KPMG name, logo and "cutting through complexity" are registered trademarks or trademarks of KPMG International Cooperative ("KPMG International").

